

Møtereferat

Dato: 13/11-2017

Emne:	Referat frå møte 5 i kunstkomiteen for Bybanen, BT4.		
Til stades:	Ingrid Haukeland (IH), Annike Gullestad (AG), Petra Rahm (PR), Ronny Skaar (RS), Tone Stedal Haugland (TSH), Hilde Skjeggestad (HS).		
Forfall:	Sølvi Marie Myrseth (SMM), Stein Dvergsnes (SD), Elisabeth Vaule (EV)	Sak:	
Møtetid:	Fredag 10. november kl. 08.30-11.00	Møtestad: Fylkeshuset, møterom 726	

Møteleiar: Hilde Skjeggestad

Referent: Tone Stedal Haugland, Hilde Skjeggestad

Sak	Emne	Vedtak	Ansvar / frist
1.	<i>Referat frå forrige møte.</i>	Referat blei godkjend utan merknader.	
2.	<i>Orienteringssaker</i>	a. <i>KORO-søknad. Søknad blei sendt 1. oktober, med vekt på byutvikling, som er satsingsområde for KORO's KOM-tildeling. Det er pr tlf. kome positive signalar.</i>	
3.	<i>Kunstplan.</i>	<p>a. <i>Prioriterte områder / stader. Dei ulike haldeplassane blei gjennomgått og diskutert.</i></p> <p><i>Vedtak: Fyllingsdalen terminal prioriterast for eit hovudprosjekt, i tråd med kunstplanens intensjon om å prioritere område som står framføre store strukturelle og sosiale endringar. Kunstkomiteen ynskjer å engasjere kunstnar snarleg, med tanke på samarbeid med arkitektar om prosjektering av terminalområdet. Engasjementet organiserast i eit forprosjekt på anslagsvis kr 100 000, med intensjon om eit påfølgande hovudprosjekt. Mål for forprosjektet er utvikling av ein best mogleg situasjon for innbyggjarar og reisande gjennom deltaking i prosjekteringsarbeidet, og å arbeide fram eit grunnlag for eit godt påfølgande kunstprosjekt.</i></p> <p><i>Kunstkomiteen ynskjer eit kunstprosjekt til haldeplassen på Kristianborg, med vekt på situasjonen under E39, og forsøksvis noko inn i tunnel. Lys (dagslys, kunstlys) er diskutert som eit aktuelt materiale. Prosjektet spesifiserast i eit seinare møte. Prosjektet må vere i tråd med RAMS krav i Teknisk Regelverk (BBAS).</i></p> <p><i>Dei mest aktuelle andre områda for kunst er Haukeland (under bakken) og Kronstad. Takast opp att i eit seinare møte.</i></p> <p>b. <i>Kunstnarar</i></p>	

		<p><i>Val av kunstnarar blir som hovudprinsipp gjort i samband med delplanar for dei ulike prosjekta.</i></p> <p><i>Til Fyllingsdalen terminal ble kunstnar Jan Freuchen presentert. Han har meld seg gjennom prekvalifiseringa og framstår som ein særst kompetent og relevant kunstnar. Freuchen har markert seg som ein av dei tydelegaste og mest respekterte kunstnarane i sin generasjon, med utstillingar på viktige visningsstader i inn-og utland. Han har gjennomført fleire kunstprosjekt i offentlege rom, t.d. Kristiansand Rådhus og på Vevang i Møre og Romsdal, for Nasjonale turistvegar. I sin heimby Kristiansand har han engasjert seg i diskusjonar om kunst i offentlege rom, og har i lag med Sigurd Tenningen m.a. vært kurator for utstillingsserien Game of life 1 og 2 i Kristiansand kunsthall, og vært redaktør for boka Knust i offentlege rom. Han står og bak forlaget Lord Jim Publishing, der han gjev ut eigne og andre kunstnarars bøker. Freuchen er fødd i 1979 og bur og arbeider i Kristiansand. Se meir på janfreuchen.org</i></p> <p><i>Vedtak: Kunstkomiteen ynskjer å engasjere Jan Freuchen til eit forprosjekt til Fyllingsdalen terminal. Kunstnar skal i løpet av forprosjektperioden delta i arbeidet med utforming av torget i lag med arkitektane, og arbeida fram eit grunnlag for eit godt kunstnarleg prosjekt. Premissa for forprosjektet blir avtalt i eige kontrakt. Førebels forslag til kontraktsum kr 100 000 (kan bli justert). Intensjonen er at forprosjektet blir etterfølgt av kontrakt om kunstoppdrag med Freuchen.</i></p>	
4.	<i>Budsjett.</i>	Utkast til budsjett blei gjennomgått i førre møte og følger referatet som vedlegg. Budsjetttrammene til dei enkelte kunstprosjekta er hypotetiske og vil bli endra når delprosjekta er spesifiserte. Budsjettet vil bli revidert når svarbrev frå KORO ligg føre.	
5.	<i>Framdrift</i>	Hilde tek førebels kontakt med kunstnar Jan Freuchen for å forhøre seg om mogleg deltaking i forprosjekt i Fyllingsdalen. Arbeidet med kunstplan forset. Arbeid med delplan for Fyllingsdalen blir sett i gang.	HS
6	<i>Dersom tid: Kunst i vognene? Tak, lydannonsering.</i>	Utsett til seinare møte.	
7.	<i>Møteplan.</i>	Ikkje avtalt.	
8.	<i>Evt.</i>	Det var ingen saker til Evt.	

Vedlegg:

1. Budsjettutkast (førebels)
2. Bildepresentasjon Jan Freuchen, samt hans søknad i prekvalifisering